



Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 AUSTRHEIM

Vår dato:

07.12.2021

Vår ref:

2021/16174

Dykkar dato:

11.11.2021

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Austrheim - 157/17 - Lerøy - flytebrygge - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 08.11.2021. Sake gjeld søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til utlegging av ei mindre flytebryggje for 6 eigalar av fritidsbustader. Omsøkt flytebrygge ble lagt ut i 2013 etter godkjent dispensasjonssøknad. Dispensasjonen var midlertidig og varte i fem år. Flytebrygga ligg no utan løye, og tiltakshavar har ikkje vore klar over at midlertidig dispensasjon vart utgått.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensed ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Flytebrygga vart lagt ut etter ein midlertidig dispensasjon i 2013. Dispensasjonen vart gitt på bakgrunn av at ein i kommuneplanen skulle finne gode fellesløysingar. Kommuneplanen er revidert etter dispensasjonsvedtaket. Kommunen har ikkje opplyst kva vurderingar som vart gjort då, men det vart lagt ut eit nytt område for naust og småbåtar i Bergsvik. Det er også lagt til rette for kaier og flytebrygger i reguleringsplan for Buholmen.

Området er eit område med mange tiltak i strandsona, og vi vurdere slik sett at det er eit relativt høgt byggepress i området. Strandsona der flytebrygga ligg er ein attverande grøn struktur, mindre utbygd enn mange andre steder i nærleiken. Det ligg nokre fritidsbustader på land, men det er eit vegetasjonsbelte mellom sjøen og fritidsbustadane. Fjerning av flytebrygga vil difor vere positivt for opplevinga av strandsona langs sjø.

Det er positivt å samle småbåtar i fellesanlegg, men dette skal i utgangspunktet gjerast i plan. I denne saka er det 6 eigalar av fritidsbustader som skal dele på ein flytebrygge på 6,2 x 2,4 meter. Det verkar sannsynleg at behovet for båtplass for fritidsbustadene kan auke i framtida, og det vil då verte press for å utvide flytebrygga. Plasseringa verkar slik sett lite framtidsretta.



Statsforvaltaren rår ifrå ein permanent dispensasjon for flytebrygge her. Vi vil ikkje motsetje oss ei midlertidig dispensasjon, men det må vere eit klart premiss at flytebrygga skal fjernast på sikt og at trøngen for permanente båtplassar må vurderast opp mot attverande strandsoneverdiar i ein større, planmessig samanheng.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN